
Fra: asgeir.mjøs@gmail.com på vegne av Asgeir Mjøs
<amjøs@online.no>
Sendt: 27. desember 2016 17:30
Til: Postmottak Radøy
Emne: Fjerna veglys.
Vedlegg: 20161227_140501.jpg

Til politisk og administrativ leiing i Radøy kommune.

BKK har bygd ny transformator på Straume, ved vegen som går til Saltvika der sjøkabelen til den nye kraftlina kjem i land. Dei har delvis bygd ny linje, og såleis sikra seg sjølv med lågspent straum til instrument eller anna dei må ha bruk for straum til der.

I samband med dette har ein del abonnentar som før fekk straum frå transformatoren i Nordangervågen (På Mjøs gbnr 16/4) no fått straum frå den nye transformatoren.

I Knappen, rett etter at ein kjører over brua til Straume frå Mjøs-sida, har det i ein mannsalder eller meir vore eit veglys til glede for køyrande og gåande. No har BKK fjerna lina som gjekk der, og dermed har dei også fjerna veglyset. Stolpane står der fortsatt, då det ser ut som dei også er brukt til telefontline.

Det er høgst merkeleg og beklageleg at trafikksikringstiltak som veglys berre vert fjerna på denne måten. Eg har høyrte at det var ein "kamp" i si tid for å få plass kvart einaste veglys. Det er beklageleg at desse "kampane" vert så lite verdsett i dag.

Er det i Radøy kommune, administrativt eller politisk gjeve ordre eller godkjenning til å fjerna dette lyset, eller er dette ei avgjerd som BKK har tatt på eiga hand?

Kva vil Radøy kommune gjera for å få plass at dette veglyset?

Det kan væra snakk om ca. 100 m ledning pluss ein lampe.

Vedlagt eit (dårleg) bilde som viser stolpen kor lyset var.

Helsing
Asgeir Mjøs